

## FORNØGD MED OPPLAGSTALA

**LOKALAVISER.** Lokalavisene tilknytt Landslaget for Lokalaviser fekk ein nedgang i opplaget på 0,3 prosent frå 2007 til 2008, etter 16 år med framgang. Avisene med under 6.000 i opplag har gått fram med 0,7 prosent, medan dei litt større lokalavisene har ein

liten tilbakegang. Opplagsvinnar er Stangeavisen for andre året på rad. Avisa kjem ut ei gong i veka med eit gjennomsnittleg opplag på 2.516 eksemplar. Den fem år gamle avisena auka med heile 509 eksemplar i fjor, ein opplagsvekst på over 25 prosent. ©NPK



Melkeramper i Selbu

## FREDER RAMPER OG STEIN

**KULTURMINNER.** I anledning Kulturminneåret 2009 vil Riksantikvaren frede tolvt kulturminner.

I går offentliggjorde Riksantikvaren den komplette listen: Frognerparken i Oslo, Skuibakken i Bærum, busskur i Sør-Vanger i Finnmark, pissoaret i

Stensparken i Oslo, Lunde skole i Skien, Byparken i Mosjøen, Foldinferja i Kragerø, turistforeningshytta Arentzbu i Luster, lensmannssteinen på Voss, Løkkekosken i Tromsø, melkeramper i Selbu og bedehus i Flikkefjord.

©NTB



FOTO: PER TORBJØRN JYSTAD

vil ta i bruk låvar og brygger som blir ståande tomme og utan vedlikehald.

# i låvar og brygger

gardstun legge føringer på kva det kan brukast til?

– Så lenge det ikkje kjem i konflikt med framleis jordbruksdrift, ser eg ikkje det, seier landbruksdirektøren.

Men det kan hende at det reink byggeteknisk kan vere avgrensingar.

– Poenget er å vise variasjon, også når det gjeld grad av ombygging, seier landbruksdirektøren.

### Landbruksdrift

Nordland er det fylket i landet med flest landbrukseigedommar. 18.658 i 2006, viser tal frå Statistisk sentralbyrå. Det budde folk

på halvparten av eigedomane, og ein rapport frå Nordlandsforsking viser at det var landbruksdrift på rundt 3000 av dei. Så sjølv om jorda på bruken som ikkje vert drivne som sjølvstendige einingar framleis kvan vere i bruk, er det snakk om mange tusen større og mindre bygningar som står ubrukt.

– Ein ting er sikkert, skal desse gardstuna finnast i framtida, må vi finne bruksmåtar for dei gamle driftsbygningane. Elles blir dei borte, seier Hanne Østerdal, landbruksdirektør i Nordland.

JANNE GRETE ASPEN

janne.aspen@nationen.no

## Drøftar ny bruk av gamle bygg

Når gamle bygningar skal få nyt liv, er utfordringa å finne skjeringpunktet mellom bevaring og krava den nye aktivitet set til bygningen.

Denne veka blir den første seminaret i seminar Breidablikk halde. Temaet er ny bruk av gammal bygningsmasse.

Dette arkeolog Sjur Harby som har teke initiativ til denne semi-

narrekjjar i Kulturminneåret 2009.

Seminara er retta mot private føretak, enkeltpersonar, forvalting, museum og forskingsinstitusjonar som arbeider med kulturarv og verdiskaping.

– I tillegg til å finne kryssingspunktet mellom ny bruk og bevaringa, er det viktig å hugse på at endra funksjonar fører til anna logistikk, seier Harby.

Blir det lagt opp til aktivitetar som samlar mykje folk i ein låve, trengs det også parkeringsplassar.

– Ein må tenkjer på husa i landskapet, og husa som kulturarv.

Arkeologen rår til å tidleg i arbeidet ta kontakt med ein arkitekt som er vand til å arbeide med gamle hus. I eit gammalt hus kan det ligge mogleheiter som

gjer det både billegare og lettare å bygge om, mogleheiter det må eit trenna øye til å sjå.

– Det grunnleggande må vere å kunne bruke mest mogleg av det gamle. Gjenbruk er ein god gammal norsk tradisjon, har i allfall vore det, seier Sjur Harby og snakkar varmt om arkitektar, gode handverkarar og huseigarar som ser verdien i husa dei eig.

## Trangt på Vestbanen

Det nye Nasjonalmuseet på Vestbanetomten i Oslo kan bli 7000 kvadratmeter for lite, viser en ny rapport.

Dette melder nrk.no. Regjeringen har bestemt at både samlingene fra Nasjonalgalleriet og samtidskunsten, samt design skal stilles ut under samme tak på Vestbanetomten.

I dag ligg mye av kunsten bortgjempt i magasiner, men et nybygg vil ikke gjøre kunsten mer synlig, frykter konservator Øystein Ustvedt ved Nasjonalmuseet.

– Dårlige utvidelsesmuligheter gjør at mye av kunsten kommer til å forbli bortgjempt i magasinene, sier Ustvedt.

Både Samtidskunstmuseet, Kunstmuseum og Nasjonalgalleriet trenger å ekspandere, men rapporten slår fast at dette ikke blir mulig.

«Det planlagte arealbehov kan dermed komme i konflikt med Vestbanetomtens maksimale arealutnyttelse», heter det i rapporten. Det totale behovet er anslått til 64.000 kvadratmeter, mens utredningen viser at det maksimalt er rom for 57.000 kvadratmeter, altså 7000 kvadratmeter i minus.

To firmaer har sett på kvalitetssikringen av den nå vedtatte Vestbaneutbyggingen, men rapporten er kritisk til flere aspekter. Den viser blant annet til at et nytt Nasjonalmuseum på Vestbanen ikke gir nødvendig rom for plassutvidelse i fremtiden.

Selv med en angitt høyde på 7-8 etasjer er det altså knapt med plass på Vestbanetomten. Dette skaper stor bekymring for hvordan fremtiden vil bli på et nytt Nasjonalmuseum, forteller Øystein Ustvedt.

– Det er svært viktig at det ligger muligheter for utvidelser i nær fremtid. Etter at bygget er ferdig vil det ikke ta mange år før man vil føle et sterkt behov for utvidelse, sier Ustvedt.

WERNER WILH DALLAWARA  
Werner.dallawara@nationen.no



FOR LITEN: En ny rapport slår fast at Vestbanetomten blir for liten til det nye Nasjonalmuseet.

FOTO: SCANPIX